

Aktiviteten i laget har vore stor dei siste åra, og på mange måtar kan vi sei at vi no løftar laget opp i ein ny divisjon. Frå utedo og kaldt vatn, har vi no eit anlegg med nytt sanitæranlegg og kjøkken. Det gir oss heilt andre mogelegheiter til aktivitetar og ikkje minst utleige for å sikre laget sin økonomi.

Konkret vil det seie at vi har bora etter vatten, sett ned pumpe og laga eit teknisk rom under trappa inne i skulehuset, med trykktank varmtvasstank og nytt rør anlegg til toalett/bad og kjøkken. Kjøkkenet er plata og det er lagt golvbelegg. Vidare er det kjøpt inn og montert ny kjøkkeninnreiing og utstyr, slik at det i dag stettar krava til Mattilsynet for servering av mat.

Vidare har vi isolert, vindtetta og skifta kledning, lagt varmekablar, støypt nytt golv og lagt flisar på toalettet i sanitærbygget. Plata veggjar og montert nytt sanitærutstyr. Her er det og lagt opp til eigen varmtvasstank og røropplegg for vaskemaskin og dusj. Vidare har vi skifta hengsler på begge dørene til rustfrie hengsler, slik at dei kan vare enno nokre år.

Vi måtte ruste opp det elektriske anlegget sidan det ikkje var tatt høgde for alt av nytt utstyr då vi fekk nytt sikringskåp og nytt elektrisk anlegg i 2013. Det har vore eit omfattande arbeid med å skifte kursen ut til sanitærbygget, legge om straumen i sanitærbygget. Inne i skulen har vi lagt opp nye kursar til teknisk anlegg og kjøkken. Det som er utfordringa no, er at det ikkje er nok straum inn til skulen. Det er litt uklart kva som må gjerast men vi har vore i kontakt Atle Rundereim (OneCo), som er i kontakt med SFE for å finn ei løysing.

Som kjent forsvann lampene som var i skulestova og gangen då vi fekk lagt opp nytt straumanlegg. No har Anita og Lars Erik klart å skaffe nye lamper på ein auksjon i Stardalen. Såleis har vi endeleg har fått lampene attende slik dei var opphaveleg.

Det blir no felles toalett for damer og herrar. Det gir oss høve til å innreie eit av romma til bod og kjølerom. Kjølerommet vil vi tilby å dele med Reksta Jaktfelt, for ei årleg leige, sidan det ofte har vore problem å ta vare på skrottane i varme periodar. Den saka må opp på årsmøte for endeleg godkjenning.

Med så store investeringar som dei vi har gjort dei siste 4 åra, seier det seg sjølv at det har vore krevjande å få inn nok kapital. Det har i perioden ikkje vore utleige som har gitt inntekter i kassen. Pengane har kome inn på den årlege basaren, gåver, medlemskontingent, tilskott frå kommunen, Mowi Flåtegrunnen og grasrotmidlar. Givargleda er stor hjå alle som kjenner Rekstakjellaren, og ei viktig inntekt har vore basaren som Inger og Anita har leia med stødig hand. Ei stor takk til dei og alle som bakar, kjem med gevinstar og kjøper lodd.

I fjor blei det søkt om støtte frå Kulturdepartementet via kommunen og fylkeskommunen. Kinn kommune tilrår søknaden, før den går inn til fylkeskommunen for godkjenning. Det var eit omfattande arbeid som leiar og kasserar brukte fleire veker på å ferdigstille. Vi søkte om ca. 300 000,- etter ei oppstilling av arbeidet som no er i gong. Av det kunne vi få maks ein tredel, altså 100 000,- Søknaden blei etter mange telefonar og nye dokument godkjent i kommunen og fylkeskommunen. Utfordringa blei at vår søknad ikkje nådde opp mellom innkomne søknader for tildeling i 2020. Vi må derfor vente på neste tildeling i 2021. Når det blei klart, blei leiar tilrådd å søke om forskot på tildelinga i Kinn kommune. Den søknaden

skulle opp til handsaming i kommunen tidleg i november, men vi har ikkje fått noko svar frå kommunen i skrivande stund.

Trongen for pengar har vore tema på mange samkome. På eit av dei kom Anita med forslag om at vi skulle starte ein «spleis» på nettet. Ho ordna det praktiske og det blei ein stor suksess. Vi la opp til å få inn 50 000,- og når fristen var ute hadde det kome inn kr 45 650,-. Banken tar litt for å administrere ordninga så netto sat vi att med 42 682,-. Uansett er dette fantastisk bra. Vidare var det fleire som gav gåver direkte inn på konto, så vi var svært nær å nå målet. Anita har laga eiga heimeside www.rekstakjellaren.no – og fått houstinga sponsa.

Ei anna gladmelding kom då Bygdelaget Havglimt gav kr 25 000 i støtte på sitt årsmøte for 2020. Mowi Flåtegrunnen bevilga kr 10 000. Ei stor takk til dei! Styret tolka dette som eit signal på at folket på øya heiar på arbeidet vi held på med, og vidare viser det eit sterkt samhald på øya. Dette set vi umåteleg pris på.

Under arbeidet med søknaden til fylkeskommunen var eit av kriteria at laget måtte eige tomta under bygget, eller ha avtale om langtidsleige. Alle har trudd at laget eigde tomta, og overrasking vart derfor stor då Kjell Atle kunne legge fram eit tinglyst skøyte på tomta frå mitt på 50-talet. Der står Karl Reksten som eigar.

Ved etableringa av skulen i 1919 vart det inngått avtale mellom kommunen og Karl Reksten om kjøp av tomta. Denne avtalen blei dessverre aldri tinglyst. Desse dokumenta fann Torleif Reksten på Fylkesarkivet, og leiar sette så i gong arbeidet med å få tinglyst tomta på Reksta Ungdomslag. I to omgangar vart det sendt inn søknad til Kartverket, begge med avslag. I dag er det arvingane etter Karl Reksten (16 stk.) som står som eigarar. Alle desse må seie frå seg retten sin, før vi får eigande tomt. Kjell Atle har vore til stor hjelp, og arbeidet må halde fram no i 2021. Med den oppussinga vi gjer no, står skulen lett i 100 år til, så deleigarane har ikkje noko stor von om å kunne realisere tomta i nær framtid. Men det er svært viktig for Reksta Ungdomslag å eige tomta, mellom anna i arbeidet med søknader om offentleg støtte og tilskot.

No ser vi enden på arbeidet med opprustinga av anlegget, og målet må vere at vi skal vere heilt ferdig våren 2021. Då er vi godt i rute til å kunne presentere skulen i samband med feiringa av 100 årsjubileet i 2022.

Til slutt vil styret rette ei stor takk til alle som har bidrege på ein eller annan måte. Det har alltid vore lett å spørje om ei hjelpande hand. No er det berre å ta anlegget i bruk.

Reksta 16. januar 2021

Styret i Reksta Ungdomslag

Johnny Stigedal (leiar), Olav Steimler (nestleiar), Åshild Reksten (sekretær),

Inger Reksten Stigedal (kasserar), Anita Øygard (varamedlem)